



SPAR cup er ei fotballturnering for born i alderen 6 til 9 år.

**SPAR cup er ei årleg fotballturnering for unge spelarar i alderen 6 til 9 år. I helga var over 200 fotballspelarar frå heile Kvinnherad samla på Heio. Veret var ikkje det beste så det var mange skitne og våte born, men ingen sure miner å sjå. Borna koste seg om dei vann eller tapte, om det regna eller om sola skein.**

Uskedal Idrettslag har hatt mange frivillige i sving for å kunna gjennomføra denne turneringa. Det er brukt 40-50 liter vaffelrøra i gode nystekte vafler. Mange har baka kaker og lappar som vart selde i kiosken.



[Det var ingen sure miner i det våte veret på Heio i helga.](#)

Foreldre til alle som er med på laga og som spelar fotball i Uskedalen, har vore med og hjelpt til med denne cupen på ein fin måte.

Dei eldste spelarane er også med. Dei stiller som dommarar, vaskar garderobar og kiosk. Nokre hjelper til med sal i kiosken.

Takk til alle !

Tekst: Kjetil Myklebust/Kristian Bringedal

Foto: Kjetil Myklebust

Nett: Kristian Bringedal



Det kom vel med at Uskedal Idrettslag hadde stort partytelt på plass.